

# Den kristne påskefeiringa



Ordet *påske* kjem frå det jødiske ordet *pesach*. Det er namnet på den jødiske påska.

Jødar feirar påske til minne om at Moses frigjorde dei frå slaveriet i Egypt.

For kristne handlar påska om Jesu liding, død og oppstode.

I kristendomen er påska den viktigaste høgtida.

# Palmesøndag

Denne søndagen reiste Jesus og disiplane til Jerusalem. Der skulle dei feire den jødiske påska.

Jesus reid inn i Jerusalem på eit esel.  
Han vart hylla som ein konge.  
Folk stod langs vegen og vifta med palmegreiner.  
Framfor eselet la dei palmeblad.

Difor har denne dagen fått namnet palmesøndag.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kva for ein by reiste Jesus og disiplane til?

---

2. Kvifor reiste dei?

---

---

3. Kvifor har denne dagen fått namnet palmesøndag?

---

---

---

# Skjærtorsdag

Jesus fekk stadig fleire tilhengjarar. Dei religiøse leiarane i byen vart sinte og sjalue.

Judas var ein av disiplane til Jesus. Han fekk 30 sølvpengar for å hjelpe dei med å bli kvitt Jesus.

Denne torsdagen åt Jesus eit siste måltid saman med disiplane.

Etterpå gjekk dei til ein hage som heitte Getsemane. Der møtte dei Judas og nokre soldatar. Jesus vart arrestert og ført bort.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kvifor vart dei religiøse leiarane sjalve og sinte på Jesus?

---

2. Kvifor fekk Judas 30 sølvpengar?

---

---

3. Kva skjedde i Getsemane hage?

---

---

---

# Langfredag

Landshøvdingen Pilatus bestemte at Jesus skulle bli krossfesta.

Jesus vart piska av soldatane. Han bar krossen sin gjennom byen til ein stad som heitte Golgata.

Der vart Jesus krossfesta saman med to røvarar. Jesus døydde på krossen.

Etterpå vart Jesus lagd i ei grav.  
Ein stor stein vart rulla framfor grava.  
Nokre soldatar heldt vakt.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kven bestemte at Jesus skulle bli krossfesta?

---

2. Kven vart krossfesta saman med Jesus?

---

3. Kven heldt vakt ved grava til Jesus?

---

# Påskedag

Tre dagar seinare kom nokre kvinner til grava. Dei oppdaga at grava var tom. Kroppen til Jesus var ikkje der.

Ein engel sa at Jesus hadde stått opp frå dei døde.

Kvinnene fortalde disiplane det dei hadde sett. Seinare viste Jesus seg også for disiplane.

Første påskedag feirar kristne Jesu oppstode.



*Spørsmål til teksten:*

1. Kva oppdaga kvinnene då dei kom til grava til Jesus?

---

2. Kva sa engelen?

---

---

3. Kva feirar dei kristne første påskedag?

---

---